

Fleire instansar går no i mot forslaget om fri aldersgrense under Festidalen. Dei ser det som ønskjeleg med aldersgrense på kveldsarrangementet og tykkjer ikke det høver seg med fri grense.

Det skriv SLT-koordinator, Tiltak og tenestar for born og unge og Tiltak og rådgjevingstenesta for vaksne.

Dei skriv at det har vore ein trend i kommunen med mykje fyll på festival og at det ikkje kjem fram i søknaden korleis dei har tenkt å endra på dette. Det visar seg at born og ungdom ikkje gjer som vaksne seier, dei gjer som vaksne gjer.

Det vil også vera vanskeleg å unngå langing, at eldre ungdom og vaksne kjøpar til mindreårige. Med lett tilgjengelegheit kan det og tenkjast at det vert alkoholdebut for nokre ungdommar.

Det er dessutan viktig å skilje på vaksne og ungdom. Hvis ein prøver å snu dette med aldersgrensen til noko positivt, kan ein argumentera med at det er stort å fylla 18 og at det då endeleg er lov å gå på festivalen.

Oppmodinga er at arrangøren gjev born og unge og familiar eit flott, rusfritt kulturtilbod på dagtid

Av Ola Matti Mathisen